Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80.

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Rauland

Emne: Folkemedisin.

Bygdelag. Vesland

Oppskr. av: Anne Midtbø

Gard: Lofthus

(adresse): Rauland

G.nr. 43 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Husråd - kjerringrad.

1. Ein må vel seia at synet har skift. Folk gjekk mindre til lækjar før enn no.

2. Noko særskild råd mot smitte var lite brüka. Ei gamal kone sa at røyke tobak skülle vera godt mot smitte av tüberkelbasiller.

3. Lite ålment med ferdiglaga medisin. Men det var nok gardar som hadde standande brennevin tilsett kamfer og ei flaska med tilsett søtrot. Kamfer-brennevinet var mot krimsjüke og vondt i magen. Søtrotbrennevinet mot laus mage. Far hadde alltid standande ein pütt med harpeis-salve. Den laga han av harpeis koka saman med grisesmør og sila i eit reint klede. Han brüka det på verkjer og sår. Det både vart reinska og grodde av den salva. Sume brüka og å banke harpeisa på ein flat stein eller ei fjøl. Slo litt vatn over og banka til harpeisa vart glatt og fin. Vart

16693

brūka som sårsalve den og. Likeins samla dei löyndikarpeis. Den var klår og blank og vart brūka slik dei fann den. Det var helst mot rivor i gomar og hender den vart brūka.

4. Det var vel helst på store gardar dei hadde medisiner standande.

5. Dei låntle gjerne bort til grannar og andre som var i beit. Om presten eller jordmor hadde meir enn andre og låne bort er ūkjent.

~~7~~8. Ukjent.

9. Vart samla inn av den som stelle medisinen til.

10. Medisinen vart göymd på flasker og glas i skap og kister eller som det hövde. Turr sötrot hadde dei ofte i stabūr, stod då i ein trekopp.

11.12.13.14. Er ūkjent.

4. Lækjarane.

Er ūkjent her. Likeins om lækjeråd og lækjekūrar og lækjebøker.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING